



Rovviltnemnda i region 6
v/ Fylkesmannen i Nord-Trøndelag

22. september 2017

FRÅSEGN – FORVALTINGSPLAN

For vel 4 år sidan sendte vi ei fråsegn til førre revisjon av forvaltingsplanen. Vi tok ein titt på den fråsegna, for å sjå om vi har kome oss vidare. Det har vi, men ikkje på alle tema.

I 2013 sa vi:

Bruk av naturmangfaldloven

Det følgjer av naturmangfaldloven (nml) § 7 at ein skal legge denne lova, §§ 8 til 12 til grunn ved utøving av offentlig mynde. Sidan det er skilnader mellom noverande forvaltningsplan og forslag til ny plan, hadde vi rekna med at endringar med materielt innhald blei vurdert etter naturmangfaldloven. Noko slikt har vi ikkje sett. Dei som skal uttale seg til planen bør ha tilgang til desse vurderingane, for desse er viktige premisser for vurdering av korleis planen vil fungere. Dette må reknast å vere ein heilt grunnleggande mangel med revisjonsarbeidet.

I forvaltingsplanen no finst det fleire slike punkt der ein har lagt opp til nye alternativ samanlikna med tidlegare. T.d. finst det fleire areal der det er tale om kvotefri jakt. Dette bør vere tema som typisk krev ei vurdering etter naturmangfaldlova. Rovviltforliket legg vekt på at ein skal følgje naturmangfaldlova. Det kan vere krevjande, men det er ikkje ein dispensasjonsgrunn for å kunne la vere. Viss det finst ein heimel vi ikkje veit om som gjer at ein kan hoppe over dette punktet, vil vi ha denne presentert. Viss ikkje noko slikt finst, så må desse vurderingane som manglar bli gjort, og planen må ut på ny høyringsrunde, med desse vurderingane tilgjengeleg. Dette er ein heilt grunnleggande mangel, og manglande bruk av naturmangfaldlova kan i ein del høve føre til ugyldige vedtak.

Eit anna avsnitt frå 2013:

To grunnleggande prinsipp

Det følgjer av naturmangfaldloven to grunnleggande prinsipp når det gjeld forvaltninga av rovdyr.

Det eine prinsippet dreier seg om rovdyrarten sin langsiktige føresetnad til overleving som art, jf. nml. § 5. I dette spørsmålet er ynglemålet for dei ulike artane i region 6 førande. Men spesielt på eit punkt

er det eit tilleggsmoment i det spørsmålet som nemnda i region 6 rår over og må ta omsyn til. Det gjeld forvaltninga av den sørvestnorske jervestammen. Viss denne stammen ikkje er stor nok til å vere livskraftig over lang tid, så må ein sikre at det går føre seg tilstrekkeleg utveksling av dyr mellom denne stammen og jervebestandar elles. Dette må ein ha mekanismar i forvaltningsplanen for å sikre. Dette kjem vi tilbake til.

Det andre prinsippet går på at naturtypar og økosystem skal fungere og overleve også på lang sikt, jf. nml. § 4. Dei store rovdyra høyrer til i større og mindre grad i alle økosystem, som ein føresetnad for at dei kan vere sunne og friske. Når ein vil redusere mengda store rovdyr samanlikna med den naturlege balansen, må ein ha for auge at i alle fall heilt bortfall av førekomst av dei store rovdyra vil vere klart skadeleg over tid. Det er difor viktig at ein oppfyller ynglemåla for dei ulike delane av region 6, og ikkje seier seg nøgd med å ha nådd ynglemålet ved hjelp av ein stor bestand i Nord-Trøndelag. Jo lågare bestanden av dei fire store rovdyra er samanlikna med det som er naturleg, jo meir aktivt må ein forvalte den rovviltbestanden som finst. Jo lågare bestanden er, jo mindre spelerom har ein for skadefelling. Dette andre prinsippet er totalt fråverande i forslaget til forvaltningsplan. Dette kjem vi også tilbake til.

Dette prinsippet burde t.d. vere med i pkt 1 innleiinga under målsetting. Når ein ikkje har med denne nyttefunksjonen til dei store rovdyra, vil lett tanken spreie seg om at det er praktisering av prinsipptrytteri og vrangvilje når ein vil ha store rovdyr i norsk natur. Manglande merksemd på dette punktet aukar konflikten rundt rovdyr.

Generelle haldningar i planen 2017

Kvoter skal plasserast i alle fall til ein viss grad etter skadesituasjon. Det vil vere eit betre prinsipp enn at kvota fordelast så alle skal få noko å jakte på.

Våre generelle meiningar

Rovdyr har ein funksjon i naturen, og det er viktig at dei fleste områda har store rovdyr som ein del av økosystemet. Store delar av Møre og Romsdal og Fosenhalvøya er med denne planen utan store rovdyr. Dette meiner vi er eit usunt prinsipp.

Det er normalt at det er eit visst tap av beitedyr til rovdyr. Det er konfliktdrivande viss rovviltnemnda framstiller dette annleis. I område med mål om yngling vil det normalt vere tapssituasjonar årleg. I beiteprioriterte område vil det periodevis vere tapssituasjonar. Dette blir underkommunisert i dag, og nemnda bør ta ansvar for at dette blir rett kommunisert.

Når ein art har liten bestand, vil skadefelling ofte vere vel så eigna som lisensfelling eller kvotejakt, då ein meir målretta kan gå etter dyr som fører til spesiell skade. Når ein vedtar skadefellingskvote, må ein ta høgde for denne når ein fastset kvote for anna jakt.

Punktvis gjennomgang av forvaltingsplanen

Til pkt 1

Forvaltningsplanens målsetting er:

- Sikring av rovviltartenes overlevelse gjennom oppfylling av Stortingets bestandsmål
- Lavere konflikter og å sikre næringsdrift gjennom målrettede virkemidler, herunder redusere tap forvoldt av fredet rovdyr og sikre aktivt bruk av utmarksbeite
- Forutsigbarhet

Vår kommentar: Målet er greitt i høve nml § 5. Det manglar eigentleg eit viktig moment, at ein skal sikre økosystem som er avhengig av at det finst store rovdyr. Dvs. dimensjonen som finst i nml.

§ 4.(forvaltningsmål for naturtyper og økosystemer)

Målet er at mangfoldet av naturtyper ivaretas innenfor deres naturlige utbredelsesområde og med det artsmangfoldet og de økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte naturtype. Målet er også at økosystemers funksjoner, struktur og produktivitet ivaretas så langt det anses rimelig.

Vi ønskjer eit nytt kulepunkt (mellom 1 og 2 no): Sikring av at økosystemene blir ivaretatt av de store rovdyra, eller på annen måte

Til pkt 1.1.1 Internasjonale avtaler

Vi meiner at innhaldet i Bern-konvensjonen må få noko meir plass.

For artar knytt til Bernkonvensjonens liste II (jerv, ulv og bjørn) så er det forbod mot: "alle former for forsettlig fangst og fangenskap og forsettlig dreping" og øydelegging av ynglestedar eller betydeleg forstyrning av dyra. Bernkonvensjonen gir opning for skadefelling, men understrekar at viss unnatak skal kunne gjerast så skal det 1) ikkje finnast noko anna tilfredsstillande løysing og 2) felling må ikkje vere skadeleg for bestanden si overleving. Det er desse unnataka som blir nytta for skadefelling av rovdyr i Noreg og dette er også nedfelt i naturmangfaldlova § 18. I denne paragrafen understrekast det klart at: «Vedtak kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte". Dette må samsvare med lova § 5, forvaltningsmål for arter, som seier: Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder.

Til pkt 1.1.3 Miljøpolitisk bakgrunn

I tillegg til det som alt er tatt inn frå rovviltforliket bør også dette vere med: Og det er et viktig prinsipp fastslått i Stortingsforliket i 2004 at : «Rovdyra skal forvaltes på en økologisk og bærekraftig måte»

Til pkt 1.1.5 Dyrevelferd

Det kan sjå ut som dyrevelferd er noko beitedyr skal ha og ikkje rovdyr. Men lov om dyrevelferd gjeld både tamme og ville dyr: § 3. *Generelt om behandling av dyr*

Dyr har egenverdi uavhengig av den nytteverdien de måtte ha for mennesker. Dyr skal behandles godt og beskyttes mot fare for unødige påkjenninger og belastninger.

Til pkt. 3.3

Tekst i forvaltingsplanen:

Rovviltforliket og nasjonale føringer sier at det skal være tydelig soneforvaltning for alle rovdyrartene. Det er ønskelig at regionens bestandsmål oppnås innenfor forvaltningsområdene. Forvaltningsområdene skal være av en slik størrelse og avgrensning at det er realistisk at dette kan oppnås. Imidlertid vil yngling av rovdyr utenfor forvaltningsområdene forekomme. For å minimalisere forekomsten av rovdyr utenfor de respektive forvaltningsområdene vil rovviltnemnda regulere dette ved fastsettelse av kvote for lisensfelling og kvotejakt, samt signalisere ovenfor Miljødirektoratet behov for ekstraordinære uttak av jerv og bjørn.

Vår kommentar:

År etter år har det mangla nokre ynglingar i MR og ST når det gjeld jerv. Viss ein ikkje kan peike på konkrete andre årsaker, må ein gå ut frå at arealet ikkje er tilstrekkeleg. Den nye planen reduserer arealet i Sunndal og Forollhogna. For Forollhogna er det argumentert med fylkesgrensa som unaturleg grense. For Sunndal vil det oppstå ei unaturleg grense og argumentasjonen går på omsyn til ein næringsutøvar og kulturlandskapet.

Vi krev:

Forollhogna må takast inn igjen i yngleområdet for jerv

Øvre Sunndal sør for riksveg 70 må takast inn igjen i yngleområdet for jerv

Alternativt at ein aukar ynglemålet i NT og får ei avtale med region 1 og 3 om at dei aukar sitt ansvar for den sørvestlege jervstammen.

Vidare må det utgreiast om det berre er auka mengde sau som kan halde kulturlandskap opne, eller om ein kan løyse dette med auka bruk av storfe, t.d. noko tilsvarande fordelinga mellom

desse beitedyrgruppene som ein hadde for hundre år sidan då desse bevaringsverdige landskapa blei skapt.

3.3.1 Bjørn

Bestanden er langt under bestandsmålet. I ein slik situasjon må ein velje alternativ som kan bygge opp bestanden, og vere varsam med alle tiltak som kan redusere bestanden, eller hindre oppbygging av bestanden.

1. Reduser tal skadefellingsløyve til eit absolutt minimum. Vi aksepterer skadefelling der det er påvist store og akutte bjørneskader på husdyr eller tamrein. I dag blir derimot mange bjørnar skotne utan at det har vore påvist skade eller berre skader på ein sau eller to. Dermed er skadefellingsterskelen alt for låg.
2. Stans lisensjakt på bjørn inntil bestandsmålet er nådd.
3. Samarbeid med Sverige slik at dei reduserer sine jaktkvotar inn mot dei norske bjørneområda og særleg unngå at det blir skote binner med ungar i grenseområda.
4. Auk innsatsen for å nedkjempe krypskyting. Det er kjent at også bjørn blir utsett for krypskyting, og dette må ein nedkjempe med alle middel.

Til pkt. 3.3.2 Gaupe

Tekst i forvaltingsplanen:

Innenfor forvaltningsområdet:

Det er en målsetting at det regionale bestandsmålet oppnås innenfor forvaltningsområdet. Bestanden av gaupe skal være mest mulig jevnt fordelt. I områder med gaupeskader skal det satses på effektive tapseforebyggende tiltak. Dette vil for eksempel være tilskudd til forsinket slipp om våren. Kvotejakt er det primære bestandsregulerende tiltaket, og kvotene skal settes med bakgrunn i bestandssituasjonen, skadeomfanget på bufe og tamrein.

Utenfor forvaltningsområdet:

Områdene utenfor forvaltningsområdet regnes som prioritert beiteområder i forhold til gaupe. Utenfor forvaltningsområdet skal bestanden av gaupe holdes på lavest mulig nivå, men forekomst må påregnes. I de deler av Møre og Romsdal som ikke inngår i forvaltningsområdet for gaupe er det kvotefri jakt. Kvotefri jakt også i kommunene Rørø og Oppdal, samt Fosenhalvøya.

Vår kommentar:

Dette er eit punkt som med fordel kunne ha vore utgreidd meir, så det er lettare å kunne setje seg inn i konsekvensane av det. Vi oppfattar intensjonen som positiv. Når vi tenkjer etter korleis dette kunne ha vore praktisert i dei ulike nemndene som vi har kjennskap til, føler vi oss utrygge på om prinsippet kan ha uønska biverknader.

Det ligg no til rette for ei endring frå 6-4-2 fordelt på fylka i dag til lik fordeling 4-4-4. Det meiner vi er gunstig i alle fall.

Nemnda går bort frå fylkestal for gaupa og legg opp til jamnast mogleg fordeling. Truleg vil det bety ein reduksjon i NT, men auke i MR vil sitje lengre inne. Det er difor nødvendig at nemnda har reiskapane som skal til slik at ein oppfyller det nye målet i Møre og Romsdal seinast frå same tid som ein oppnår reduksjonen i Nord-Trøndelag. Kvotefri jakt på Romsdalshalvøya kan vere eit hinder for at ein skal få dette til å fungere.

Kvotefri jakt blir innført som prinsipp for Røros og Oppdal, og for Fosenhalvøya. Det kan føre til at ein manglar styring med totalt uttak av gaupe. Dette meiner vi er eit ugreitt prinsipp, både reelt og når det gjeld rovviltforskrifta.

Mindretalsframlegget om kvotefri gaupejakt i Lierne og Røyrvik vil vi rå frå.

Til pkt. 3.3.3 Jerv

Frå planen:

Utenfor forvaltningsområdet:

Områdene utenfor forvaltningsområdet regnes som prioritert beiteområder i forhold til jerv.

Utenfor forvaltningsområdet skal det fastsettes tilstrekkelige kvoter for lisensfelling dersom det nasjonale bestandsmålet for jerv i regionen er nådd. Det vil årlig kunne oppstå skader p.g.a. jerv også utenfor forvaltningsområdet, og forebyggende tiltak bør kunne prioriteres her, spesielt i randsonene til forvaltningsområdet. Rovviltnemnda vil gi årlige råd og prioriteringer om ekstraordinære uttak i forhold til skadesituasjonen for bufe og tamrein for hele regionen.

Vår kommentar: Med yngleområde som er små og ofte heller ikkje så naturleg avgrensa med omsyn til jerven sitt liv og matsøk, vil det også i framtida vere slik at jerven blir felt på utsida sjølv om ein ikkje har nådd målet på innsida. Behovet for bufferområde er ikkje på plass i denne planen heller.

Grensene er ulogiske for ein jerv på fleire strekningar: Grønnliskarstinden til der Grøa møter Driva, og utløpet av Naustelva til Valldal vil føre til at jerv fødd i yngleområdet vil stadig heilt naturleg kunne opphalde seg der det blir gitt fellingsløyve. Det ville hjelpe om ein kunne innføre ei buffersone på snaufjellsdelen av strekninga, slik at jerv ikkje er fritt vilt om han kjem i skade for å krysse vegen. Frå Linge til Geiranger kan grensa heller følgje Norddalsfjorden, Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden, lett forståeleg grense for ein jerv.

I 2013 sa vi:

«I Forollhogna finn ein den nordlegaste villreinstammen i landet. Nordafor denne reinstammen finn ein berre tamrein som gjer at det ikkje er plass til villrein. Sør i Sør-Trøndelag og i delar av Møre og Romsdal har ein i alt fire villreinstammer. Villreinen høyrer til økosystem der jerven har ein viktig funksjon. Mellom anna må ein rekne med at jerven tar ut ein god del villrein som det ikkje bør avlast vidare på, så det er viktig at det er ein tilstrekkeleg stor jervestamme i desse områda. Ein må også ta høgde for at ein neppe vil få ein normal mengde med ulv i desse villreinområda, slik at jerven må ta på seg ein ekstra jobb samanlikna med det som nok er naturleg.

Når nemnda har som eit alternativ å ta Forollhogna ut av yngleområdet for jerv, så er dette å gå i feil retning. Med ytterlegare press på jerven lenger nord, er det i alle fall viktig at jerven kan ha tilhald i Forollhognaområdet. Forollhogna er elles kjent for å ha villrein med høg vekt. Vekta ser ut til å ha svekka seg litt over ein del år, mellom anna fordi uttaket av store dyr ved jakt truleg har ført til ein dårleg sirkel. Dette er nok motverka meir no med betalingssystemet som er omlagt, men jerven vil normalt klare dette betre enn jegerane. Høg vekt gir normalt tidlegare brunst. Tidleg brunst gir tidlegare kalving, og då blir beitesesongen oftast lenger før hausten kjem. Det gir oftast høgare simle- og kalvevekt om hausten, bra for villreinen si overlevingssjanse om vinteren, og bra for jegeren. Førekost av jerv i Forollhognaområdet er nok elles ein del av førestnaden for reetablering av fjellrev i området. Våren 2012 blei fjellrev observert i dette området for første gang sidan 1967. Utan jerv som legg etter seg åtsel, kan det bli for lite mat til fjellreven.»

Det meste er gyldig framleis. Det er i dette høvet eit val mellom å legge til rette for at den ville reinen i området kan leve i eit naturleg økosystem for arten, eller om ein skal legge auka rovdyrpress på tamreinen i området lenger nord. Som NINA-rapporten peika på finst det framleis verktøy igjen i kassa med omsyn til auka bruk av storfe i Forollhogna for å ta i vare beiteomsynet i området. Å ta Forollhogna ut av yngleområdet for jerv blir difor feil.

Forvaltingsplanen:

Forvaltningen av jervebestanden i Møre og Romsdal og Oppland bør samordnes i langt større grad enn i dag. Det er derfor nemndas målsetting at det inngås en samarbeidsavtale e.l. for en samordna forvaltning av jervebestanden i dette området (Reinheimen, Dovrefjell og Sunndalsfjella).

Vår kommentar: For å oppfylle nml § 10 skal det vere eit samarbeid med Oppland, slik at ein sikrar at den sørvestlege delbestanden av jerv ikkje går under det minimumsmålet som er sett. Viss målet ikkje er nådd i det eine fylket, må det andre fylket ta ansvar ved at ein då ikkje held seg til minimumsmålet, men hjelper til med at ein når totalmålet. Spørsmålet er tatt opp i ei klageavgjerd i år, og det følgjer av denne at ingen andre enn rovviltnemndene kan oppfylle dette punktet.

3.3.4 ulv

Vår kommentar: Streifande ulv er ein del av ulven sin natur. Det er i alle fall viktig at ein kan ta seg tid til å undersøke om det kan vere eit individ med genar ein har mangel på i vårt område.

Vi meiner at det for ulv skal nyttast skadefelling når det er god grunn for det, og ikkje lisensfelling.

3.3.5 Kongeørn

Vår kommentar: Det er berre unnataksvis mogleg å finne fram til enkeltindivid av kongeørn som gjer spesielt stor skade. Endring når det gjeld uttak av kongeørn vil difor stort sett ha ein generell bestandsregulerande effekt som det ikkje er grunnlag for å gjennomføre dei første åra i alle fall.

Til pkt. 4.1 Kunnskap

Forvaltingsplanen:

Som et ledd i å øke lokalbefolkningens interesse for å varsle inn tips om ynglinger, har rovviltnemnda vedtatt å videreføre en kompensasjon på kroner 10 000,- for den som gir opplysninger som fører til at tidligere ukjente ynglinger av jerv blir registrert.

Vår kommentar: Vi meiner dette punktet skal strykast. Viss nemnda meiner ein skal halde på dette, må ein ta omsyn til den todelte målsettinga. Følgjeleg bør denne typen stimulansar brukast i både «retningar». I så fall ber vi om at det blir laga eit tilsvarande punkt om å premiere tips om gode skadeførebyggande tiltak.

4.2 Jakt

Forvaltingsplan:

Kvote for kvotejakt fastsettes på grunnlag av:

- ☐ Bestanden skal holdes så nært bestandsmålet som mulig og mest mulig spredt innenfor forvaltningsområdet
- ☐ Kvoten målstyres til område med størst tap av sau og tamrein
- ☐ Skadesituasjonen for tamrein vektlegges særskilt
- ☐ Den samlede belastningen av alle rovviltarter inkl. kongeørn skal vektlegges ved fordeling og fastsetting av kvote
- ☐ Sannsynligheten for innvandring fra Sverige skal vurderes og vektlegges ved fastsetting av kvote

Selv om bestandsmålet for regionen ikke er nådd kan det åpnes opp for kvotejakt i områder med betydelige skader av sau og tamrein, og der en kan påregne en stor innvandring av gaupe fra Sverige

Vår kommentar: Sumverknad etter nml. § 10 må i det minste gjelde innanfor eit forvaltingsområde, og bør i grunnen også ta omsyn til nasjonal bestandssituasjon, viss ein ligg

under i alle fall. Viss ein får ei meir skademotivert fordeling av kvota, vil det vere feil viss ein i tillegg legg opp til ytterlegare felling også når bestandsmåla ikkje blir nådd.

Det er migrasjon både vegar, og forvaltninga må også ta høgde for at artane som planen omhandlar vandrar frå Noreg til Sverige. Særleg når det gjeld bjørn veit vi at dette er prekært fordi kvar tredje norskregistrerte bjørn blir skoten, mange under lovleg bjørnejakt, i Sverige (<http://miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Nyheter/2015/Juli-2015/Norske-bjorner-skytes-i-Sverige/>).

Men prinsippet om **utvandring** gjeld også for jerv og gaupe i grensestrøka (sjølv om det ut frå underskot-overskotsteori ofte går andre vegen når vi skyter ned våre bestandar til eit minimum). Og det må omsynstakast!

Det går føre seg krypskyting av rovdyr og forsøk på dette også innanfor region 6. Det må derfor takast høgde for usikkerheit knytt til ulovleg jakt, som vi veit førekjem, og særleg er dette viktig ved vurdering av skadefelling og fastsetting av jaktkvotar. Krypskyting vil vere ein del av den samla belastninga på alle fem artane.

Dessutan er det svært viktig at nemnda synleggjer at krypskyting er noko alle tar fullstendig avstand frå, og som er ein faktor som vanskeleggjer forvaltning av alle dei fem artane, dvs. inkludert både ulv (sjølv om det ikkje er ynglemål i regionen) og kongeørn.

Sjølv om det er ein faktor med innvandring frå Sverige til Nord-Trøndelag, skal ein ta høgde for at denne kan variere.

Når det gjeld bjørn: Vårsnøjakt er uetisk jakt som ein må unngå.

Forvaltingsplan:

Kvotefri jakt.

Vår kommentar: Det er ein del ugreie kring kvotefri jakt. Det blir mellom anna vist til at ordninga ikkje bør brukast der det regelbunde er yngling. I Nesset må ein vel seie det er regelbunde yngling like så vel som mange andre stader.

4.3 Skadefelling

Til pkt. 4.4 Tapsreducerende tiltak

Forvaltingsplanen:

God reindrift og godt bufehold er i seg selv tapseforebyggende. Forvaltningen bør samarbeide med næringene og Mattilsynet for å motivere til dette.

Vår kommentar: Denne formuleringa er vi glad for.

Interaksjon mellom gaupe og jerv

Det er ein kjent samanheng der totale tap der gaupe og jerv er prioritert i same område normalt vil vere mindre enn om artane er prioritert i kvart sitt område. Denne effekten ser ein delvis bort i frå i region 6 når ein legg byrdefordeling til grunn som prinsipp i stor grad. Det er eit val. Då må ein også legge til grunn eit noko større tap som normalt, utan at det er grunn til spesiell konflikt rundt det.

Til pkt. 4.4.3 Konfliktdempande tiltak

Det vil lett bli eit inntrykk av at det berre er børse som kan redusere konfliktnivået. Difor ønskjer vi at andre tiltak skal få litt større merksemd. Det er nemnda sitt ansvar å bidra til å redusere frykt og dempe konflikt med kunnskap.

Namskogan rovdysersenter har ei viktig oppgåve med informasjon, Leve med rovdyr, fryktdeping m.v. og bør trekkast meir med i konfliktdempande verksemd.

NINA har også betydeleg med kunnskap som det vil vere bra om fleire får vite om.

Vi saknar også større aktivitet frå nemnda si side i område der beitenæringa skal tilpasse seg rovdyra. Det er stadig mykje ugjort når det gjeld bruk av ulike sauersar, bruk av storfe i staden for sau, ulike typar av beiting og gjeting og bruk av gjetarhund, for å nemne noko.

Med helsing

**Naturvernforbundet i
Møre og Romsdal**

Øystein Folden

**Naturvernforbundet i
Sør-Trøndelag**

Sofia Sjöblom

**Naturvernforbundet i
Nord-Trøndelag**

Alette Sandvik

Kopi:
Miljødirektoratet
Klima- og miljødepartementet